



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Haldis Håpoldøy, 5557 2256

Vår dato
13.06.2016
Dykkar dato
08.06.2016

Vår referanse
2016/5075 632.3
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Best.ref.2170hha

Tilskot til leirskoleopplæring Meland kommune våren 2016 - kap. 225 post 66

Utbetaling av **kr. 93 885** vert overført til Meland kommune sin konto 1503 18 83722 i juni måned.

Fylkesmannen viser til retningslinjer for forvaltning av tilskot til leirskoleopplæring jamfør statsbudsjettet kap. 225 post 66. Tilskotet vert utbetalt etterskotsvis haust og vår. Fylkesmannen vil på grunnlag av innsendt refusjonskrav frå Meland kommune for våren 2016 gje tilsegn om tilskot til 6 grupper sats kr. 569 per klokke time per gruppe.

Kommunen kan berre søkje om eitt leirskuleopphald per elev i løpet av grunnskolen. Tilskotet skal i sin heilhet nyttast til leirskoleopplæring eller annan aktivitet/opplæring som tilfredsstillar vilkåret om at opphaldet skal ha ein lengde på minst tre overnattingar i samanheng i løpet av grunnskulen. Kostnadsfaktor er fastsett av Stortinget til kr. 569,- per klokke time per gruppe i maximum 27,5 klokke timar. Det blir gitt tilskot for 5.5 timar per dag. Tilskotet vert utbetalt til heimkommunen for dei gruppene som har vore samla på leirskule.

Målet for tilskotsordninga er å gi eit leirskuleopphald i grunnskuletida jf. brev frå Udir 23.03.09 og nye retningslinjer frå 1. januar 2012. Det er krav om at faktiske opplysningar som ligg til grunn for søknaden om tilskot skal oppbevarast i høve til dei reglande som gjeld for oppbevaring av rekneskapsdata. Tilskotet skal inntektsførast på same kapitel som det vert utgiftsført i kommunane sine obligatoriske rekneskapsrapportar.

Vi gjer merksam på at Fylkesmannen og Riksrevisjonen kan kontrollere at tilskotsmidlane blir nytta etter føresetnadene jf. bevilgningsreglementet § 10 og lov om riksrevisjonen § 12. Dersom det ved eit mistak skulle vera noko feil i tildelingsbrevet, vil dette verta retta opp ved eit seinare høve. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Haldis Håpoldøy
seniorkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

